



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinnelag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinne­lag



NBU

Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

Mai 1999



*Desse fekk seg ny bunad på kurset til bondekvinnelaget våren 1998:
Fråvenstre: Kjellaug Lerbrekk, Juliann Årdal. Siv Helen Ueland, Marianne Håland, Inger Karin
Nord-Varhaug, Marie Auestad, Eli Auestad og Mona Flåten.*



Varhaug BU

**Svidde gummi på
Team Karting!**

Side 2-3



Varhaug
Bondekvinnelag

**Samarbeid
med
Frelsesarmeen**

Side 7



Varhaug
Bondelag

Studieaktivitet

Side 8

Svidde gummi på Team Karting!

Nå dæ lokta svidde gummi å halv-brent bensin, då vakna BU-arane opp å kampinnstikte tæge øvchånd. Akkorat dette sjidde på Team Karting sin bane på gamle Auto 2000 lørdag 13. Februar. Varhaug BU hadde innvitert te BU gran-prix i GO-kart, å halv fem møtte 17 spente sjele opp mæ olja i håret og meta-nol som parafyme, klare te kamp om raskaste rundetid og PolePosisjon i fina-len.

Me starta mæ å kjøra 4 innledane omganga der dæ va om å gjæra å få raskast mulig rundetid på ein runde. Deltagarane kjørte hær 2 omganga kvær på 9 min. Dæ starta smått mæ gjennomsnittlige rundetider på 33 sek- under. Men nå me bara vart varme i kjelardressen så hadde samtlige rundetie så va under 30.00 sekund.

Dei beste fem så verkele fekk hjul- spinn på karten kom tett opp mod bane- rekorden på 26,70. Dette va meget imponerane.

Nr. 1 Sveinung Skretting
27,51 sek



Det går fort i svingane når BU er på GO-kart banen

Nr. 2 Lillian Vold	27,87 sek
Nr. 3 Jarle Borsheim	27,94 sek
Nr. 4 Bård Borgen	28,07 sek
Nr. 5 Ingve Skretting	28,18 sek

Itte dette va då tiå for finala mæ meir spenning å dramatikk. Fyst kjørte me B-finalen med dei 8 lågaste rondetiene.

Opprett BSU hos oss nå,
og vi kan gi deg
90% lån til 60% pris
til ditt første boliglån

SpareBank 1 SR-Bank

Best når det gjelder



Varhaug Bygdeungdomslag



Hær va dæ Vidar så hadde dæ beste utgangspunktet mæ PolePosisjon. Men itte litt tøff behandling i fyste svingen måtte han bara godta å fylja itte sveinung H. sine bakhjul di resterenne rondane.

Mæ ei sikker hånn på rattet klarte Sveinung å halde på denne plasingå resten av løbe.

Så va då tiå for den store A-finalen, der det sko visa sæg å bli adsjilligt møje meir dramatisk. Hær va dæ onnateinede, Sveinung Skretting så sto mæ beste utgangspunkt i PolePosisjon, mæ Lillian og Jarle pustanne i nakken.

Dæ sko visa sæg att fyste sving vart ett kritisk punkt i finalane. I A-finalen va dæ Jarle så va ufine mod den kvinnelige storkjøraren okka, å sende Lillian te sies mæ adresse vante mæ et brag. Å Vips hadde Jarle en ny rival i sikte nemlig Sveinung. Mæ hare kamp å itte ca. 1 1/5 runde måtte Sveinung sjå slage som tapt overfor Jarle, og svinga ud i depoet mæ en GO-kart så va bensinlens. En sjebe så Lillian og Bård seinare tod del i. Noge så va en volsomt sure måde å måtta sei hadæ te en plass på pallen på. Itte denne episoden va dæ enkel sag for Jarle Borsheim å sikra sæg en



Klar til start!

velfortjende fysteplass mæ Ingve Skretting på andre. Rickard Rasmussen ende på en tredjeplass.

Me i Varhaug BU vil takka adle så støtta opp om dette arrangementet å me satsa på att dæ vil være minst liga mangel interesserte ved en seinare annledning.

Tcam Karting ønske å bcklaga den episoden så sjikke i A-finalen der dæ va 3 karta så gjekk bensinlens onna løbe å som plaster på såret he di gitt et gavekort te desse så fekk løbe sitt ødelagt av en så fatal feil frå deira sia.

Sveinung Skretting

WALDELAND & DUBLAND A.S

Djupholdsv. 3, 4360 Varhaug

Alt i mur - puss - fliser

Mobil: 946 70 773

Tlf. 51 43 05 09

Fax: 51 43 12 22



- fagkunnskap gir trygghet.

DIN LOKALE
TOTAL-
LEVERANDØR
AV BYGGE-
VARER



Jernbaneveien - Nærbø
Tlf. 51 43 32 84
Dublandsveien - Varhaug
Tlf. 51 43 11 88

EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SI.BYGG A/S
SKRETTING &
INGEBRETHSEN

Tlf.: 51 43 04 95
Fax: 51 43 25 90

Tradisjon i solid håndverk



Volleyball-turnering

Turneringa vart halden laurdag 23. Januar. Det var deks lag som deltok, Varhaug, Vigrestad, Nærbø, Gjesdal, Bjerkreim og eit lag frå asylmottaket på Nærland. Laget frå Nærland var spesielt inviterte. Me tykte at denne turneringa var ei god anledning til å treffa folka der. Dei stilte med eit lag, og mange supportere som var med på å skape ei kjempegod stemning i hallane. Det var kjekt for oss å treffa dei, dei var ein god gjeng og me gler oss til å treffa dei ved seinare anledningar, for eksempel på innebandy-turneringa i mars. Laga som deltok var svært gode, og i semifinalane stod Nærland, Varhaug, Bjerkreim og Nærbø att. Varhaug og Nærland møtte kvarandre i finalen. Det vart ein svært jevnspelt kamp, der Varhaug trakk det lengste strået. Dei vann ein fin pokal.

Arrangementet var ein suksess. Det var ingen sure miner, alle var nøgde med arrangementet. Me gjentek turneringa til neste år, og då vil me gå meir aktiv ut for å skaffa lag frå lokallaget vårt.

Ingunn Helen

Spælekveld

Lordag 16 Januar hadde BU spælekveld på Internatet. Dæ va ikkje så mange så hadde toge turen opp, noge så kanskje infoen he skylda for. Me så va der oppe så spelde me både Risk og Poker og hadde møyje dros. Me håpar på bedre oppmøde neste gong.

Det vart arrangert både ute og inne-tevling denne dagen.

Hege Kvía stilte opp i FM i osteanretning, men dessverre er ikkje resultatet skribenten i hende.

I utetevling var Varhaug som vanleg i slag, selv med bare ein Senior var vi flest deltakara saman med Gjesdal.

Stasjonsguttane Rune Varhaug og

Oddgeir Lerbrekk må ha ede noko spesielt te morons med seier for Rune i sau og Oddgeir på 3 plass, men dei ga sæg ikkje mæ dæ dei delte liga godt i plassen i KU.

Varhaug vant og for lag med:

Mariann Bratland

Rune Varhaug

Per Erik Skretting

Tevling i Varhaug BU

Tysdag 26 januar var det tevling av ku, sau, gris og hest i Varhaug Bu. Dette var og uttaking til fylkesmeisterskapet i Bjerkreim. Det møtte 13 tevlara, og samanlagt-resultata blei slik:

Yngre junior

1 Jon Magne Skretting	350.50 p
2 Egil Magnus Aanestad	349.75 p
3 Frode Varhaug	339.75 p

Junior:

1 Per Erik Skretting	354.75 p
2 Rune Varhaug	352.00 p
3 Oddgeir Lerbrekk	341.00 p

Senior

1 Eilen Njølstad	354.75 p
2 Svein Varhaug	352.00 p
3 Svein Borgen	340.00 p

P.E.S

Innebandy

Nå æ blodhockey i full gang med oppladning te kølleturneringa. Dette æ på barnaskulen kvær Tirsdag og Onsdag fra kl 19.30 og ut øve.

Her er det bare og stilla opp og få alt i ett (her æ dæ bære trainings mulighete enn Bjørn Dæhli he, me he ikkje høydehus men luft på sekk fra Sirdalen så me he alt i ett)

Og sannelig æ dæ på tiå å henta pokalen heim igjen i gutta klassen au, å ikkje driva å gje an vekk te Bjerkreim

SK

Ope hus

BU har kvar Tirsdag Ope Hus på Internatet. Me he kiosk me brus og sjokolade. Me drøse litt om alt (mini-kafeen) på Mega'en, samt får me okke "Ally McBeal" på TV2. Me he vore fra 4-12 personer til nå, men loftet er stort så ta en tur innom og sjå koss me he dæ. Dette æ ett gratis tilbud te ungdommen i bygda så ikkje he nogen plass å vær på desse kalde vinterkveldane.

Lobekk Bygg A/S

Svein Lobekk

Tlf. 51 43 09 99

ODLAND 4/s

4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

**Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning**



Litt frå bondekvinnelaget.

På januarmøtet hadde me fått med oss Randi Holen frå Jæren Ullverkstad på Bryne. Ho hadde laga til ei fin utstilling av sjølvfarga garn og tova ull. Her var tøfler, votter, bilder, grytekluter, ves-ter, kosedyr, eit fat med mange frukter m.m. og alt var av tova ull.

Ho var koseleg å høyra på. Ho fortalde om ulike ullsorter, kva slags ull som var best til toving osv. Korleis sjølv tovinga gjekk til, viste ho og. Ho bruka karda ull og grønnsåpevatn

Ho fortalde og om arbeidet på ullverkstaden, der dei tok imot grupper. Barnehager og skuleklasser kunne og få

koma og helsa på sauene, vera med på saueklypping, eller vera så heldige å få sjå når sauene lemde eller dei kanskje berre ville sjå på tovinga.

Ullverkstaden har kurs i toving. Grup-per på 5-8 prsoner kan avtale tid for toving. Vanlege kurs går over 3 timer, og er lagt opp til torsdag, fredag eller lør-dag.

Verkstaden sel også ein del varer frå Gjesdal Spinnert. Butikken er open man-dag-fredag 10.00 - 17.00 og lørdag 10.00 - 15.00

Eit besøk på Holen Ullverkstad kan vera spennande for både store og små. H.U.

Tema-kurs

Temakurset til RBK var i år på Ål-gård Hotel. Odd Magne Sandstøl frå Landbrukshelsa snakka om "Barn og unge i landbruket - sikkerheten og helsa".

"Barn og unge i dagens samfunn" - korleis gje dei utfordringer slik at fantasi og kreativitet kan utviklast?"

Anne Brekke frå Høgskulen i Sta-vanger snakka interessant over dette te-maet. Det er lov å feile, prøv igjen!

Vi fekk orientering fra Miljøutvalget i NBK; "Embalasjedagen". - "Poteten tilbake på bordet"

NBK er interessert i "gode mat-oppskrifter". Desse vil dei samla og kan-skje gje ut eit hefte.

Tur til Arboreet

Onsdag 26. mai skal bondekvinnela-get reisa på tur til Arboreet. Me skal reisa med buss, og me må vera 20 stk dersom det skal verta tur. Sjå etter oppslag og annonse, eller meld dykk på til Aud tlf. 51 43 01 63.

Husk varme klær! Tenk på kor kaldt me hadde det i fjor i den botaniske hagen!

Varhaug Damefrisør

Einervegen 3

Varhaug

Tlf. 51 43 07 57



Nye folk på Statoil

Vi tilbyr:

- Drivstoff
- Kortløsninger, firma/privat
- Butikk med meieriprodukt
- Dekk
- Bilrekvisita
- Børsteløs vaskemasin
- Olje, gass, fyringsolje og parafin
- Servicehall

Vår hovedleverandør på dekk er **Continental**

STATOIL

Statoil Service Varhaug

Innehaver: Knutsen & Co. AS • Tlf. 51 43 03 15 - 4360 Varhaug

Åpningstider: Hverdager 06-22 • Lørdag 08-22 • Helligdager 09-22



Litt frå aprimøtet!

På møtet til bondekvinnelaget 29. april var Klokkargarden innbedne. Som vanleg hadde me då bingspel og mykje sang og musikk. Denne gongen var det søskenflokk Reime som underheldt, og dei hadde 2 avdelingar med mange fine sanger. Fleire av desse fekk oss til å tenka tilbake i tida, då det ikkje var ein einaste ønskekonsert utan at søstrene Bjørklund var med. Det høyrer og med når Klokkargarden er innbedne at Liv les om hōna som kom heim frå byferd. Elles kosa me oss med fløytekaker til kaffien. Synd at så få av medlemmane var med denne gilde kvelden.

Bondekvinnelaget på besøk sjå dei Orre

15. april var bondekvinnelaget innbedne til Orre bondekvinnelag sitt medlemsmøte. Der var borda fint pynta med stedmorblomster, som seinare vart lodda ut.

Etter at dei Varhaug var ønska spesielt velkommen, fekk me høyra eit dikt av Susanne Brøgger "Smil". Før overlegen ved den nye kreftavdelinga ved sentralsjukehuset - Ingvill Mjåland - fekk ordet. Å snakka om kreft er både eit ømt og alvorleg tema, men Mjåland gjorde dette på ein glimrande måte. Ho fekk bl. a. sagt at det å få kreft idag ikkje er det same som at du skal dø, for det har mange mange nye og gode behandlingsmåtar.

Det var viktig å halda kroppen i form

med ei eller anna form for trim, og at ein åt skikkeleg mat; mykje frukt og grønnsaker, fisk og grovt brød.

Orre har eit handskrive blad "Lerkekvitter", og her fekk me høyra koss det var å vera ung då 2. verdskrigen starta. Det var tilhøva på Balkan som hadde fått skrivaren til å tenka tilbake.

Kvelden vart avslutta med utlodning, og pengane frå denne skulle gå til den nye kreftavdelinga.

Så kunne ein reisa heim kvar til sitt etter ein sær s hyggeleg kveld. Det var vanleg før i tida at ein inviterte eller reiste til andre bondekvinnelag. Kanskje skulle ein ta opp att denne tradisjonen?



**Størst og best
i sport i Hå**

G-SPORT NÆRBØ

TLF. 51 43 43 42, TORGSENTERET, 4350 NÆRBØ



**AUTORISERT RØRLEGGERFIRMA
4360 VARHAUG**

Basaren

Torsdag 26. august skal bondekvinnelaget ha den årlege basaren på Eldresenteret - Merk dykk alt nå denne dagen, og ta vel imot loddsejarane når dei kjem på døra.

Jærstevne for skulekorps

Varhaugskulemusikkorps skal 5. juni arrangera Jærstevne for skulekorps. Dette er same dagen som Marken. Då kjem det 130 musikkanter som vil spela og marsjera rundt om i Varhaug, og heilt sikkert setja ein ekstra spiss på Marken.

Både på fredagen og lørdagen under Marken, vil skulemusikkorpsset på Varhaug ha stand i sentrum, og denne er det vel verdt å stikka innom!



Samarbeid Rogaland Bondekvinnelag - Frelsesarmeen

Strikking

Litt frå eit brev frå RBK: "Året 1998 var som de veit eit "strikkeår." Vi som er glade i å strikka veit at vi har glede mens vi strikker - men ikkje minst når vi har eit ferdig produkt i hendene og kan gleder nokon med det. På siste styremøte i RBK kom det fram eit forslag til vidareføring av "strikkeåret". *Strikka sokker til dei som fryser og lid naud i Russland.*

Dette forslaget kom m.a. som ei følge av eit fjernsynsprogram frå ein barneheim i Moldavia der Frelsesarmeen var med ei hjelpesending.

Vi har nå hatt kontakt med Frelsesarmeen i Stavanger angående korleis vi i Rogaland reint praktisk kan senda våre produkt via dei­ra organisasjon. Dei var veldig glade for vår ide.

Alle som vil kan vera med å strikka. Det er størst behov for barnesokker e.l. Vi vil med dette oppmoda kvarandre til å vera med å spreia litt varme i dobbel forstand til desse små som lever i umenneskelege forhold. Vi samler inn sokker m.m. på møtene framover, og sender dette samla vidare. Viss det ikkje passer å koma på møta, kan de ringa til meg tlf. 51 43 01 63, så skal eg henta i heile bygda.

Helsing Aud Håland

Grillkveld, 20. mai

Så er det klart for den årlege grillkvelden til bonde- og bondekvinne­laget Den vert som tidlegare år på Holmavatn. Dagen er 20. mai. og tek til kl. 19.00.

Arvid Mæland kjem og fortel frå ein av dei mange utanlandsturane sine.

Elles skal me kosa oss med god grillmat og godt drøs! Ta med deg det gode humøret, og kom og vær med!

Marken

Under Marken 4. og 5. juni vil bondekvinnelaget som vanleg kinna smør og baka flatbrødi bondeteltet.



48 par sokkar vart sende til Russland i første omgang. Bondekvinne­laget tek framleis i mot sokkepar, som vil serte sendt seinare. Sokkane kan leverast til Aud Håland, tlf. 51 43 01 63.

Varme klede til Russland

Me vil også vera med Rogaland bondekvinne­lag å hjelpe Frelsesarmeen med å samla inn varme klede til barneheimsbarn i Russland. Det var mest ønskjeleg med små heimestrikka ullsokkar. Små jakkar og jumprar ynsk­te dei og. Er det nokon som har slike ting, så ta dei med på neste møte eller lever dei direkte til Aud Håland. Ho skal senda tinga til Frelsesarmeen i Oslo, slik at kleda kjem snarast mogeleg fram. Me seier på førehand mange takk til alle som har noko å gi!

H.U.



Jæren Landbruksenter as
Kydlandsvn. 4360 Varhaug

BYGG MIX

MEGA



Varhaug
Handelslag

Tlf. 51 79 94 40



Studieaktivitet i Bondelaget

Dette året satsa me på emna; framføre jordbruksforhandlingane, Internett og KSL (kvalitetssystem i landbruket).

Me har kome i gang med jordbruksforhandlingane og Internett.

KSL vil verta påbegynt i mars for så å verta slutført i haust. Me vil då kunna ta med oss erfaringane gjennom vekstsesongen når me i slutfasen av studieopplegget skal prøva å tileigna oss gode rutiner når det gjeld kvalitetssikring. Styret i bondelaget ser svært gjerne at fleire melder seg på dette studieopplegget. Interesserte kan melda seg på til Kjell Skretting.

I Varhaug Bondelag vil me i år spesi-



Først på Jæren !

**Du kan nå få utført dine banktjenester
også på internett**



**Ønsker du mer informasjon, kontakt oss.
<http://time-sparebank.no>**

Bryne
51 77 91 00

Varhaug
51 43 11 24

Kvernaland
51 48 73 00

Undheim
51 48 44 73

TIME  SPAREBANK

elt ta for oss dei statlege tilskota og kjøp og sal av mjølkekvotar.

Bruksstorleik og kvar ulike produksjonar skal føregå er no tema i alle fora som diskuterer den nye landbruksmeldinga. Varhaug Bondelag vil og sjølvsagt bidra med våre synspunkter i denne debatten. Strukturen på dei statlege tilskota er heilt avgjerande når det gjeld utviklinga av bruksstrukturar i norsk landbruk. Slik det er i dag er tilskota svært mykje større for dei første einingane, enten det gjeld tal på dyr eller dekar jord. Er det rett at nedtrappinga i dei statlege tilskota begynnar lenge før ein når den bruksstorleiken som me reknar for eit heiltidsbruk? Dette og andre liknande ting er det me diskuterer i studieringane. Resultatet av arbeidet i studieringane vert sendt til Norges Bondelag.

Når det gjeld kjøp og sal av mjølkekvotar har det i vår kommune vore stor misnøye med fjorårets opplegg. I nokre kommunar fekk produsentar kjøpa det dei ville av kvote, medan produsentar i andre kommunar berre fekk kjøpa nokre hundre liter. Det kan ikkje

Grillkveld

Den årlege grillkvelden på
Holmavatn vert i år torsdag
20. mai.



Varhaug Bondelag



vera rett at inndraging av kvote skal skje i høve til samla kvote i ein kommune. Ut frå arbeidet i studieringane vil Varhaug Bondelag koma med ein uttale når det gjeld kjøp og sal av mjølkekvote.

Internett

Ein studiering har vore i aktivitet med datamaskinane. Oppkopling til internett, sending og mottak av elektronisk post har vore tema. Etter å ha studert landbruksstoffet som er på internett, har me kome fram til at mengdene av landbruksfagstoff er enormt stort. Her gjeld det bare å sortere ut det som er mest aktuelt. Ein kan halda seg

orientert om nyheiter både her i landet og i utlandet. Nye organisasjonar og forskingsinstitusjonar kjem stadig inn på nettet slik at informasjonsmengda er

aukande, og mogelegheita til å halda seg orientert om nyvinningar og marknadssituasjonar i in- og utland vert stadig betre.



Gjertrud Hobberstad
Naturterapeut MNH

Aromaterapi
Zoneterapi
Kinesiologi
Øreakupunktur



Dysjalsdsv. 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 00 36



BYGGMESTER / AUT. ÉNTREPRENØR

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 Varhaug
Telefon: 51 43 13 50 * Fax: 51 43 44 70
Mobil 964 15 499



NÅR DET GÅR
FORT I SVINGANE

Det er kva vi får i oss over ei viss tid som tel. Derfor er kvar dagmaten viktigast.
Derfor kroppen får like mykje energi som den brukar, er den i likevekt. Sung for det!



Gilde Agro Felleslakteri BA

Kjøttprodusentenes • bedrift
• interesseorganisasjon
• varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE



Uttale frå Varhaug Bondelag i samband med jordbruksavtaleforhandlingane.

Norges Bondelag som aktør når det gjeld prisdannning i matvaremarknaden.

Norges Bondelag som fagforeningsorganisasjon har plikt til å setja søkelyset på prisfastsetjinga i matvaremarknaden, då dette har stor innverknad på produktprisane produsent.

Me må ha eit profesjonelt tilhøve til matvarekjedene.

For ein eventuell kampanje/ aksjon vert sett i verk må Bondelaget og samvirkeorganisasjonane diskutera denne, og organisasjonane må respektera at dei ikkje har heilt den same funksjonen i marknaden.

Kjøp og sal av mjølkekvotar.

Kommunar som einingar er ikkje nokon god måte å dela landet i når det gjeld kjøp og sal av mjølkekvotar. Dei norske kommunane er svært ulike i storleik og talet på mjølkeprodusentar varierer også mykje frå kommune til kommune. Me meiner landet må delast opp i mykje større regionar. F. eks kan Jæren eller helst sør-Rogaland vere ein passe stor eining for innbyrdes kjøp og sal.

Det må også vera slik at eventuell inn- dragging av kvote må skje i høve til seld kvote og ikkje som i 1998 var i høve til totalkvote i regionen. (1998 må i kvotesamanheng gloymast).

Statlege tilskot, produksjons- og drifts- tillegg og areal- og kulturlandskapstillegg.

Desse har etter vår meining vorte svært differensierte og fallhøgda frå den eine satsen til neste har vorte vel høg. Sjølv om også større produsentar får med seg det første trinnet, er trinna alt for høge. Det er ingen ting som tilseier at satsane ikkje skal ha ein jamn kurve, altså ikkje trinn som i dag. Me meiner og at når det gjeld produksjonstillegg for husdyr må satsane pr. dyr innan kvar sone vera like fram til det nivået ein meiner er ein passe storleik for eit heiltidsbruk. Differensieringa mellom sonene synest me kan vera på det nivået det er i dag, men sjølv sagt må denne saman med soneindelinga evaluerast med jamne mellomrom. Kulturlandskapstillegg saman med tiltak innan skatte- og avgiftssida må vera hovedverkemidla ein må bruka for å oppretthalde busetnad i distrikta. Dersom kvantumsavhengig tilskot til dyreproduksjon eller planteproduksjon skal brukast som eit distriktselement utover den til ei kvar tid gjeldande soneindeling og sone- differensiering, må dette tilskotet gå til produksjonar som høver for vedkomande distrikt og som gjer positiv effekt for kulturlandskapet. Totalt sett må ikkje distriktelementet svekkjast i høve til det som er i dag. Det er svært viktig at busetnaden i landet vert

oppretthalde på minst det nivået som er i dag.

Investeringspolitikk.

Landbruket er ei kapitalintensiv næring, og ei næring med langsam innføring av investeringar. I dei siste har det kome stadig fleire og hyppigare krav frå det offentlege når det gjeld krav til drifta. Dette medfører stadige kursendringar i måten å driva på, og det at investeringane som me gjer ikkje har så lang livslengde som me tidlegare var vane med. Det at me stadig må forandra driftsapparatet for å tilfredsstille offentlege krav, gjer at dei årlege inntektene varierer for mykje over ein tidsperiode. Det er to nærliggjande måtar å tenkje seg for å retta litt på dette. Den eine er mogelegheit til å setja av midlar på investerings-/rehabiliteringsfond. Den andre er mogelegheit til å nytta ein høgare avskrivingsatts spesielt for bygningar og utstyr. Kanskje landbruksbygningar bør koma i kategorien "bygningar med kort varighet".

Av desse to måtane vil fondsavsetjing vera å foretrekkja.

Miljø- og andre avgifter.

Avgifter av ulike slag kan, alt etter kva produksjon ein driv med, vera ein stor utgiftspost. Det er no krav om gjødselplan på kvart bruk, og dersom denne ikkje finst, vert det reagert med trekk i statlege tilskot. Dette bør gje den konsekvens at avgiftene på kunstgjødsel fell bort.

Me er no i full gang med innføring av KSL i landbruket der me skal dokumentera alle ledda i dei ulike produksjonane. Dette bør og føra til at behovet for kostnadsdrivande avgifter for naudsynte driftsmidlar ikkje er til stade.

Med helsing
Varhaug Bondelag
Harald Odland



avd. Varhaug

Tlf: 51 43 00 22 Fax: 51 43 00 52

Åpent: 08:00-16:00

Lør: 09:00-13:00

STIHL **Labbe** **VIKING**
MOTORSAG HUNDEFØR PLENKLIPPER



Varhaug Servicenter A/S

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG



Jippi - Storkurs!!!

Endeleg var det februar og nytt storkurs. Denne gongen på Gausell. Me va 3 stykker i frå Svala så reiste (Eg, Marit og Siv Helen), og forventningane va store.


Fredagskvelden begynte godt me tomatsuppe og innkvartering. Etter ei stund gjekk me til kursa "okka" som for oss var volleyball. Me spela og kosa oss i 1,5 time, så hadde me fri. Då va dæ mōje så stod på programmet. Diskoteket og opphaldsrommet vart flittig brukt, mens nokon (som faktisk var oss) holdt seg på rommet, der me hadde dæ dødsbra. Mens dei andre la seg til å sova begynte me å våkna til. Me lo, fortalde "alle barna vitsar" og eigne "spøkelsesopplevingar". Etter nokre få timars søvn va dæ opp te frokost og ein 7 timars lang volleyball-dag. I denne økta var 2 av oss utsatt for den såkalte og hogt frykta "volleyballsjuka". Itte på fekk me pizza og så va det leggetid, he, he. Etter mange sure og irriterte bemerkninga la me okke te å sova. Etter nokon minutters stillhet kom ein kul og loyen bemerkning fra ein av oss. "Anne,

søve du på magen?" - Svaret var: "Nei, æg søve på siå."

Søndag morgon begynte me me å seie "Happy Valentinesday" til kvarandre og etter 1 time volleyball rydda me. Så sa me "Ha dæ" ti adle me va blitt hjende me, å gjekk ut å venta på bussen. Me va på toget bokstaveleg talt på minuttet og eg tror aldri toget har vore så fullt før. Endeleg va me heima, trøyte og slitne

og lengta etter den goe senga okka... Æg oppfordre dokke adle te å reisa neste år. Dæ va DØDSBRA!

Anne Wenche



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

Regnskap - Lønn - Arsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m



N · A · R · F
NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM



BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland as**

Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03

Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmangsgarden 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinnelag

Opplag: 1200

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Steinar B. Kartevold
Tlf: 51 43 05 18

Jon Reinhart Husvegg
Tlf: 51 43 09 24

Svala 4H

Anne Mette Bjelland
51 43 08 04

Varhaug Bondelag

Geir Egil Aanestad
Tlf: 51 43 05 74

Harald Odland
Tlf: 51 43 07 38

Varhaug Bondekvinnelag

Liv Hobbestad
51 43 03 93

Aud Håland

Tlf: 51 43 01 63

Internatet:

51 43 78 20

Stoffrist:

24. August 1999

Til nr. 2
Bladet kjem ut uke 37

Kva skjer?

Varhaug BU:

Mai

17 Folketog
Tur til Preikestolen
21-24 Kanotur til Ørdsalvatnet

Juni

6 Karneval på Varhaugmarken
18-20 Gåtur til Turistfor.hytter
25-27 Fylkesleir på Klepp

Juli

26-31 Landsleir i Larvik

JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED



TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG

Hege & Heidi Salongen AS

Dame & herreklipp

Rådhusgt.3, 4360 Varhaug

Tlf.: 51431018 Fax.: 51430843

**– En god
kontakt
på Jæren**



**Aanestad
Elektro as**

Tlf. 51 43 75 33 - Vakt 94 67 37 36